

**Frå:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Send:** fredag 2. juni 2023 11:53  
**Til:** AL-Utval for Areal - Plan og miljø  
**Kopi:** Siril Therese Sylta; Eirik Berntsen; Are Frøysland Grande  
**Emne:** Korrigering av konklusjon i saksframlegg - sak 084/23 - APM 07.06.23

Hei.

Kommunedirektøren vart i går kontakta av tiltakshavar, Hkh Bygg og Eiendom AS v/Knut Henanger i sak 084/23 - Klage på vedtak om dispensasjon og løyve til oppføring av 16 meter mur i nabogrensa - gbnr 322/11 Mjåtveit.

Tiltakshavar viser til saksframlegget til APM med møte den 07.06.2023, der konklusjonen «nye opplysningar i klagesaka» medfører forvirring og usikkerheit.

Konklusjonen i klagesaka lyder:

«Det er kommunedirektøren si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klage skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen vert tatt til følgje.»

Kommunedirektøren vurderer at standardformuleringa «nye opplysningar i klagesaka» er basert på ein inkurie (openbar feil) for noverande klagesak og vert såleis korrigert.

Ny konklusjon i klagesaka skal lyde:

«Det er kommunedirektøren si vurdering at klage skal takast til følgje og vedtaket gjerast om. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen vert tatt til følgje.»

Kommunedirektøren presiserer at saksutgreiinga og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak står uendra.

Partane i klagesaka er i formelt skriv, som er utstedt i dag, informert om korrigeringa.

**Tone Furustøl** | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)